

# BOKN BYGÐABLAD

NR. 3 - APRIL 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## SMÅLEILIGHETER

BOKN KOMMUNE BYGGJER REKKEHUS I FØRESVIK



Rekkehusa vil bli bygde rett nord for Boknatun. Slik vil inngangspartia til dei største leilighetene bli.

12 anbud kom inn då fristen gjekk ut for 2 rekkehus med 9 leiligheter som Bokn kommune har utlyst. Leilighetene er eit resultat av eit press på bustadmarknaden i Bokn over lengre tid. Særleg har det for unge menneske i etableringsfasen vore problem å skaffa seg husvære i Bokn. Bokn kommune tar sikte på å leiga ut leilighetene til fleire grupper, som t.d. unge i etableringsfasen, eldre, funksjonshemma og andre. Leilighetene vil bli bygde som såkalla livsløpsbustader, og 6 vil få ein storleik på ca 100 m<sup>2</sup>, og 3 vil bli ca 67 m<sup>2</sup>. Det

er ikkje endeleg tatt standpunkt til om alle 9 skal byggjast, det kan også bli 6, med 3 av kvar storleik.

Med utgangspunkt i lågaste anbud, vil totalkostnader for 9 leiligheter bli 3,3 mill. kroner, innkludert grunnarbeid.

Saka skal opp i formannskapet med det første, og det vert her foreslått at ein gjer vedtak om å forhandla med dei tre lågaste anbydarane.

Forhandlingsresultat og finansieringsplan skal så opp i kommunestyret til godkjenning.

# UTVIDING AV SJUKESTOVA


## FORPROSJEKT FERDIG

Utvidinga inneber ei utbygging på knapt 400 m<sup>2</sup> nytt areale som skal byggjast på frå nordre del av sjukestova og vestover.

Det vil føra til at ein får totalt 10 pasientrom på sjukestova. Eitt av desse er berekna for to bebuarar. I tillegg får ein nytt areale for fysioterapi. Nåverande fysioterapi vil bli ledig, og ein vil såleis få betre adgang til å setja opp skikkeleg trapp til 3. etasje over sjukestova. Dette arealet kan då ved behov kunna innreiast til andre føremål.

Kostnadsberekingane for utbyggjinga er berekna til ca. 4 mill. kroner. Dette er det doble av det som er sett av i 1993 og 1994. Planutvalet har likevel meint at den føreliggjande utbyggjinga er naudsynt ut frå dei behova som ligg føre i sektoren. I dag har ein fått midlertidig dispensasjon frå fylkeslegen til å ha 2 ekstra pasientar i tillegg til dei 7 plassane ved institusjonen.

Forprosjektet skal opp i kommunestyret den 13. april. Ein vil då be om fullmakt til utarbeiding av anbudsdocument.



Slik vil påbygget gå vestover ut frå nordre del av Boknatun. Ny hovedinngang til sjukestova blir i nybygget mot sør slik teikninga viser.

### KOMPOST FRÅ TORANESET RENOVASJONSSELSKAP

Toraneset er mottakar av avvatna slam frå septiktankar og reinseanlegg. Dei har kompostert slammet saman med bark og fått ein metode der temperaturen er over 60 grader ein viss periode. Då får dei drepa bakteriar. Prøvane av komposten viser eit godt resultat med lågt innhald av tungmetallar. Det er ingen restriksjonar på bruken av komposten. Han kan nyttast til jordbruksareal, hagar,

vegskrāningar, o.l. No blir komposten brukta som topplag på fyllinga. Men på grunn av dei store mengdene dei tek imot er ein interessert i å prøva ut om komposten kan nyttast til andre føremål. Ut frå dette er dei, som ei prøveordning, viljuge til å gi bort kompost ferdig opplessa på renovasjonsplassen. Henting og opplessing må på førehand avtalast med personalet på fyllplassen. Toraneset har tlf. nr. 04 76 24 74

## TIL LEIF PÅ 60-ÅRS DAGEN 2. APRIL

Vi høvdingen Leif vil hilse så mye til oss kommuneansatte styrer du som du vil Innsatsviljen vår er det ikke noe i veien med men penger forbruker vi for å få det te

Mat har vi til tider i oss fått det siste vedtaket synes vi var ganske flott Godt samarbeid har vi alltid hatt og det er for ansatte litt av en skatt

Du har i alle år vært en grepakar derfor ser vi på deg nesten som en far



Vi ønsker deg mange og gode år hjertlige gratulasjoner til deg går!

hilsen personalet ved sjukestova/åpen omsorg.

## INNBROT PÅ GAMLESKULEN

Sist månad kunne me meldta om innbrot på Bokn skule kor det vart stole ein kostbar cd-spelar pluss relativt store mengder frimerker.

Nyleg, sannsynlegvis natt til onsdag 24. mars var det innbrot på Kyrkjebygd skule. Heile musikkanlegget til ungdomsklubben Petra og Diskoteket, pluss eit skrin med pengar og ei diskokule vart stole. Det dreiar seg om ein verdi på over 30.000,- kroner.

Ved lensmannskontoret i Tysvær ber dei om tips dersom nokon har sett eller hørt noko. Dei kan ikkje sjå at det er nokon umiddelbar samanheng mellom innbrotet på skulen og innbrotet på ungdomsklubbene.

## STOR SØKNAD TIL BARNEHAGEN

I eit brev til søkerane (heimane) har skulesjefen gitt ei førebels orientering om søknad og opptak til barnehagen for neste år.

Det går fram av dette at det er 7 søkerar til 6-års avdelinga ved Bokn skule. Av desse har 3 søkt full dag, dei andre har søkt halv dag 5, 3, og 2 dagar pr. veke.

Når det gjeld 0-3 års avdeling og 3-5 års avdeling, er det søkerar nok til minst to avdelingar.

Skulesjefen reknar med at opptaksnemnda kan gjera vedtak om opptak 16. april, og at ei sak om korleis ein skal få til ei løysing på lokale m.v. kan koma opp i barnehagenemnda den 29. april.

## MINNEORD

Sigval Bokneberg er død, 90 år gammal.

Han var fødd på Boknaberg i 1902 som yngst av 6 sysken. Foreldra hans var Ane og Nils Bokneberg.

Sigval vaks opp i Bokn, men var nokre år i Amerika i 1920-åra. Der arbeidde han på ein farm.

På Boknaberg overtok Sigval ein del av heimagarden. Han dyrka også opp ein god del. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Sigval også med anna arbeid. Han har også vore med i kommunale nemnder.

Sigval vart seinare gift med Mathilde Are. Ho døydde i 1971.

Sigval var ein person som ikkje berre var interessert i nåtida. Han hadde ualminneleg godt minne, og kunne fortelja mykje frå gamal tid. Ein god del av det han kunne fortelja, hadde han høyrt av farbror sin, Torgils Bokneberg. Det var både om slekter og ting i dagleglivet i gamle dagar.

Sigval Bokneberg var ein god bygdamann. Han var både omgjengeleg og gild.

Han var klar og frisk heilt opp til den siste tida han levde.

Sigval Bokneberg vil bli sakna av mange. Han etterlet seg ein son, svigerdotter og 4 barnebarn.

Peder Ognøy er død, 88 år gammal.

Han var fødd på Ognøy i 1905. Foreldra hans heitte Ane Elita og Peder. Han vaks opp i Ognøy i ein syskenflok på 5. I den tida var det verken bruer eller fin veg, og ungane måtte fyrst over Ognasundet, etterpå gå fram til skulehuset på Austre Bokn for å koma på skulen, og same turen heim att om kvelden.

Seinare hadde Peder mykje av arbeidet sitt på fiske av ulikt slag, eller arbeid som hadde tilknyting til dette, som istandsetjing av garn, nøter o.l. Han hadde også mykje fysisk tungt arbeid som muring av steingardar, grøftegraving o.l. Til å vera sjølvlærd, var han kjend for å gjera fint murararbeid.

Peder var ein triveleg og omgjengeleg mann. Han var lett å koma i kontakt med og hadde eit godt humør. Han trivdes godt i fiskarmiljøet i Alvestadkroken, og var på sjøen og fiska så lenge han hadde helsa til det.

Peder vil bli sakna av mange.

Han etterlet seg kona Elisa, to døtre, ein son, ei svigerdotter og to svigersøner. Vidare er det barnebarn, oldebarn, søskan og svograr.

## STOR BYGGJEAKTIVITET I BOKN

tekniksjef Hans Faye opplyser til bygdabladet at det vil bli relativt stor byggjeaktivitet i Bokn i 1993.

Etter som han har oversikt over, teiknar det til å bli

igongsett byggjing av 10 nye private hus i kommunen i 1993.

Dette er betydeleg meir enn det som har vore vanleg dei seinare åra.

# BOKN FOLKEBIBLIOTEK



## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

### VAKSNE

Gaup, Ailo:  
Natten mellom dagene

Moe, Ingvar:  
Ulveslåtten

Larsen, Vetle Lid:  
I engelsens munn

Sasson, Jean P:  
Prinsessen



### BARN OG UNGDOM

Staalesen, Gunnar:  
Vikingsskattens forbannelse

Bringsværd, Tor Åge:  
Balder

Tenfjord, Jo:  
Tulipanenes hemmelighet.

Vestly, Anne Cath:  
Ellen Andre og mormor



GOD PÅSKE !



### KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BØKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?




## TRAFIKKMINNER

Ettersom Hilmar har gjort slik lukke med forteljingane sine, var eg ikkje tung å be då dei spurde om eg kunne ha noko å fortelja. Dei meinte vel frå eldre tider.

Noko svært spennande har eg ikkje i minnet. Eg kom aldri lenger enn til Bokn, her har eg levd eit vanleg "kåneliv", og halde meg på land når det er toppar på sjøen. Men eg hører til den generasjonen som har opplevd den største forandring gjennom tidene, frå me kom til husar gjennom jordmorskufferten, til langt ut i pensjonsalderen.

Eg kom til verda i 1921. Då eg var to år, kjøpte far ei to år gammal merr. I den alderen var dei nærast kjøretamde. Ho skal ha vore ein gild og god arbeidshest. Fargen på henne var noko mellom blakk og kvit, det heitte bork. De har nok hørt om hestar som heitte "Borken". Denne merra heitte Bjula, visstnok oppkalla etter ein slektning i Amerika (Beulah).

Då Bjula og eg var sju år, hende det. Rasmus hadde gått heime på Hodl og sett at ho sto i timevis på same plassen. Han gjekk opp og såg, så kom han far og sa: "Bjula har brekt foten". Så var det berre eit å gjera, få slutt på lidninga. Jørgen måtte riva litt av to steingarar for å koma fram med langsleden. Inntil då var det den verste dagen i mitt vesle liv. At saka hadde ei økonomisk side, hadde eg ikkje forstand på. Årsaka var klar. Første bilen var komen på land. Ho som gjekk oppi beitet og høyrdet og såg det "merakkelse" nord i vegen, sette i galopp og sprang rett utfor brotet og ned i ura.



Nokre dagar etter reiste far til byen, og neste morgen sto ein ny hest på tunet. Ho var eit par år gammal, og nett lik Bjula. Ho fekk og same namnet. Heilt sikkert var ho ikkje ukjend med bilar. Ho blei over 20 år gammal.

Bilen var ein som kommunen hadde leigd til gruskjøring. Det var ein dag eg var på veg til Are, til Bestemor. Då eg var komen til Laupland, høyrdet eg bilen bak meg. Eg sprang langt ut av vegen, som eg hadde lært. Så stoppa dei og spurde om eg ville sitja på. Eg fekk sitja i styrehuset saman med sjåføren og ein annan. Grustaket var i Vassbotn på Are, der sette dei meg av. Nå hadde eg hatt min første biltur, og det var ikkje nokon Kvensomhelst som kom til Are den dagen. Også andre sommaren leigde dei ein bil, men så kjøpte Kristoffer Håland sin første lastebil. Det var eit stort framskrift, tenk, bil i Bokn. Det gildaste tykte eg var den gode bensinlukta. Eg gjekk så nær vegen som eg kunne våga, sog når bilen var komen forbi, kunne eg stå og nyta den gode sneken. Det lukta ny tid.

Den tid måtte ein sokja kommunen om å få kjøra på

## TRAFIKKMINNER

vegen med bil. Ein som var bakar i Alvestadkroken ville ha brødbil, men vart nekta. Vegen tålte ikkje meir enn den eine bilen. Og visst var bilen därleg, i teleløysinga var han nett som ein graut. Det kunne vera fleire veker ein ikkje fekk senda mjølka. Og fine fjørkjerrer med smale hjul fekk ikkje koma på vegen i slike tider. Og så var vegen så smal at ein måtte gå utfør når det kom bil.

Det var og mange som ikkje hadde veg. Arsvegen gjekk berre litt forbi grustaket.

Vegen vestover slutta i Jøsang, Loten fekk først veg i 40-åra. Grønnestad og Trosvavåg hadde berre veg fram til første bruket.

Eg håpar de som er unge vil lesa dette, og ting som kan koma seinare, viss eg får lov å koma igjen.

Olaug Hognaland

## HEI ALLE KJEKKE DAMER PÅ BOKN!

Me er nokre andre kjekke damer i Tysvær husmorlag. No tykkjer me det er så gildt at me har vorte nære naboor. Me vil difor gjerne få invitera dykk på ein kosekveld i laget vårt, så me kan verta betre kjende med einannan.

Til vanleg treffest me siste mandagen i månaden. Lokalet me nyttar til dei fleste møtene våre er Tysværvåg grendasenter, der er særskoleleg. I denne månaden har me fklytta litt på oss, for me får besøk av Tysvær blanda kor. Dei er mange, og me har difor flytta over til Tysværvåg skule. Datoen er også litt flytta, 28. april. Me vil gjerne ha med oss mange av dykk denne kvelden, og me startar kl. 19.00.

Med dette vesle innlegget vil me gjerne få måla interessa for ein slik visitt. Heldigvis kjenner me ei dame på Bokn, Margrethe Jøsang, ta gjerne kontakt med henne på tlf. 04 74 85 50. Elles finn dei leiaren vår Åse Bakken på tlf. 04 77 71 78 og kasseraren Hilde Storhaug på tlf. 04 77 72 73.

Helsing Åse og Hilde.

## PRESTEN TIL ROSSABØ

Sokneprest Finn Bårdsen er tilsett i Rossabø prestegjeld. Til Bokn bygdablad seier han at han kjem til å slutta i nåverande stilling rundt St.Hans.

Soknepresten seier til bygdabladet at han nå har vore 11 år i Tysvær prestegjeld, og at det etter såpass lang teneste kan passa å ta eit oppbrudd. Det kan vera godt både for menighet og prest med eit skifte.

Finn Bårdsen seier at han har likt seg godt i Bokn, og at det har vore ei stor endring å vera prest i Bokn etter at fastlandssambandet kom, det er mykje enklare å koma til og frå. Ein ny prest vil nok ikkje så lett skjøna korleis arbeidstilhøva var før med båtskyss.

I lange tider har det jamt over gått rundt 10-11 år mellom kvar gong det har vore skifte av prest i Tysvær prestegjeld. Slik sett er Bårdsen med og opprettheld den tradisjonen.

## UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 1993

blei avholdt sundag 14.mars i Sola kulturhus. Bokn var representert av ein særdeles ivrig og entusiastisk gjeng. Dei to innslaga frå Bokn vart godt mottatt av publikum, og begge gruppene hausta god applaus.

Det første innslaget, "Dovregubbens Hall", gjorde eit godt inntrykk på meg som publikum. Det vart eit stykke som var spennande på samme tid som det var god underhaldning. Alt gjekk som det skulle, og eg hadde inntrykk av at også deltakarane var godt nøgde. Dei som var aktørar i "Dovregubbens Hall" var:

Grete Jorunn Grønnestad  
Daghild Grønnestad  
Monica Lindanger  
Brit Nesvik  
Mariann Skjelde  
Anja Alvestad  
Kjartan Jensen

Det andre innslaget kom etter mitt syn også svært godt ut av det. Dei dansa disco, og dei merka seg positivt ut av den grunn at alle hadde ei hovudrolle i oppvisninga. Det var også kvalitet over denne framsyninga. Dei som var med i "7-up" -discodans var:

Lene Jensen  
Marita Svendsen  
Lillian Grønnestad  
Marit Økland  
Inger Marie Våge  
Bianca Alvestad  
Hilde Louise Sæbø

I tillegg til desse som var med, deltok Bokn med to nydelege biletar som var laga av Ann Elin Foss og Daghild Grønnestad. Ein annan gjeng hadde laga ein video saman med "7-up", og denne blei også synt fram på mønstringa.



«Dovregubbens hall» hadde tatt veien fra Bokn til Sola

FOTO: STAVANGER AFTENBLAD

Alt i alt så synes eg at ungdommene representerte kommunen på ein glimrande måte, sjølv om dei ikkje blei uttrekte til å vere med i landsmønstringa i Trondheim.

Helsing frå Olav.

### LOFTSRYDDING ??

### BRUKTROM PÅ HOGNALAND !

Hugs at du kan levere brukte møbler, klede, bøker o.l til kommunen sitt lagerrom ved Bokn bygg. Rommet blir tømt med jevne mellomrom av Fretex (frelsesarmeens bruktbutikk).

Åpningstid:

tirsdag 18.30 - 20.00

laurdag 09.00 - 12.00

første onsdag i mnd.:

13.00 - 15.00

## TRENINGSKAMPER LILLEGUTTER

Førland - Bokn: 5 - 5

Laget til Bokn:

Oddbjørn Almås, Bjørn Thuestad, Bjørnar Bryningsland, Tore Øvrebø, Bjørn Erik Øvrebø, Erlend Nygaard, Glenn Taraldlien, Jostein aksdal, Sigleiv Våga.

Bokn scoringer: Glenn: 2, Bjørn: 2, Erlend: 1

Bjørn var beste spiller på Bokn-laget. Et pluss til Oddbjørn, Jostein og Bjørnar. Ellers ga de fleste spillerne preg av for lite trening. Likevel klarte de å kjempe seg til uavgjort. Brukbart. Kampen var på Førland skolegrusbane.

Odd Magne.

### SKOGBRANNFARE.

#### BRUK AV ILD UTENDØRS

Med "skogbrannsommeren 1992" i frisk erindring henstilles såvel grunneiere som turgåere om å vise aktsomhet med bruk av ild utendørs.

I tida 15 april- 15 september er det forbudt å gjøre opp ild utendørs uten brannsjefens tillatelse.

Gras eller lyngsviing skal varsles til brannsjefen og nødvendige tiltak skal iverksettes i.h.t. kap. 9 i forskrifter om brannvern m.v.

Brenning av hageavfall krever ikke forhåndsgodkjenning av brannsjefen såfremt det foregår på en slik måte at brann ikke kan oppstå.

Vis likevel hensyn til naboen!

Vi satser på en brannfri vår og sommer!

Brannsjefen

Torsdag 25. mars

Stegaberg - Bokn 6 -2

Laget til Bokn:

Oddbjørn Almås, Bjørnar Bryningsland, Tore Øvrebø, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørn Thuestad, Jostein Aksdal, Erlend Nygaard, Glenn Taraldlien.

Scoringer for Bokn: Bjørnar 1 pluss ett selvmål.

Bokn hadde sin beste spiller i Bjørnar, mens både Bjørn og Glenn var brukbare. Det var Bokn-laget som kom best i gang, og kunne gå til hvile med 2-1 ledelse.

I 2. omgang svikta det i forsvaret på Bokn-laget. Dette ble til slutt den avgjørende faktor for tapet. Da angrepet heller ikke klarte å score på sine sjanser, ble det en klar seier for Stegaberg. Likevel må man si seg svært fornøyd med Bokn-laget sin innsats.

Odd Magne

### RESTAURERING AV VERNEVERDIGE BYGNINGAR I LANDBRUKET

Av løvviningar frå Landbruksdepartementet har Rogaland kr. 500.000 til fordeling. Driftsbygningar har prioritet.

Frist for innlevering av søknad til landbrukskontoret er 30. april.

Kulturkontoret kan gi nærmere opplysningar.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

INTERESSA FOR DETTE  
INSTRUMENTET ER IGJEN  
BLITT STOR.

FOR EIN DEL ÅR TILBAKE  
VAR FLEIRE GITARAR PÅ  
UTLÅN I SAMBAND MED  
UNDERVISNING I MUSIKK-  
SKULEN.



ER DU EIN AV DEI SOM  
HAR GLØYMT Å LEVERE  
INSTRUMENTET FRÅ DEG ?

I TILFELLE VER VENNLEG  
Å LEVERE DET TIL MUSIKK-  
SKULEN SNARAST !

## NOTEBIBLIOTEK

MUSIKKSKULEN HELD NO PÅ Å  
LAGE EIT BIBLIOTEK OVER  
NOTENE SINE.

ALLE TITLAR SKAL SAMLAST  
PÅ DATA, OG DEI SOM YNSKJER  
DET FÄR EIN OVERSIKT OVER  
NOTENE VED Å HENVENDE SEG  
TIL MUSIKKSKULEN.

LÄRARAR OG ELEVAR VIL KUNNE  
BRUKE NOTEBOOKET, MEN  
DET ER OGSA OPE FOR ANDRE  
MUSIKGLADE PERSONAR I BYGDA.

## FOLKEMUSIKK FRÅ BOKN

I SAMBAND MED GRIEG-ÅRET OG  
FOKUSERING PÅ FOLKEMUSIKK  
PRØVER EG Å SAMLE INN DET SOM  
MÄTTE VERE AV FOLKEMUSIKK FRÅ  
BOKN.

DET ER FLEIRE GRUNNAR TIL  
DENNE "INNSAMLINGA".

DET ER VIKTIG - BÅDE FOR OSS  
OG KOMMANDE GENERASJONAR Å SAMLE  
INN OG TA VARE PÅ TEKSTAR SOM  
FORTEL OM ØYSAMFUNNET.

DET ER MEININGA AT UNGE SKAL FÅ  
KJENNSKAP TIL TEKSTANE GJENNOM  
SONG OG MUSIKK, OG SONGAR SOM  
IKKJE HAR MELODI VIL BLI PRØVD  
SATT TONE TIL.

I SAMARBEID MED MÅLFRID KRO  
TROSNAVÄG HAR EG NO SAMLA  
DESSE TINGA :

\* "BOKN-SONGEN"

AV SIGURD BARKVE

\* "BOKN"

AV VIGLEIK ROSSELAND

\* STEVJESONG FRÅ BOKN

AV JULIUS HÅLAND

BOKN SKULEKORPS SKAL I SLUTTEN  
AV MAI HA EIT SEMINAR SAMAN MED  
EIN PROFESJONELL MUSIKAR SOM  
HAR SPESIALISERT SEG PÅ FOLKE-  
MUSIKK FOR KORPS. TIL DETTE  
SEMINARET ER DET SNAKK OM  
SETTE TONAR TIL EIN BOKN-  
TEKST.

( SKULEKORPSET VIL SEINARE,  
SAMAN MED BOKN BRASS OG  
MUSIKKSKULEN, BRUKE "BOKNA-  
FESTIVALEN 1993" TIL Å HYLLE  
EDWARD GRIEG SØNDAG 13. JUNI,  
BERRE TO DAGAR FØR HAN VILLE  
HA VORE 150 ÅR. )


OG NO BER EG OM HJELP TIL Å  
FINNE FLEIRE.

ALLE TEKSTAR SOM HAR MED BOKN  
Å GJERE ER AV INTERESSE !

KANSKJE DU HAR EIN ? TA DA  
KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

PÅMELDING TIL MUSIKKSKULEN FOR SKULEÅRET 1993/94 VIL KOMME I  
NESTE NR. AV "BOKN BYGDABLAD".

## FISKEUNDERSØKING



Kommunen vil i løpet av året foreta prøvefiske i ein del av dei mest aktuelle fiskevatna i kommunen. Formålet med undersøkinga er at kommunen i samarbeid med grunneigarar/rettighetshavarar skal få grunnlag til å kunne drive ei meir målretta forvaltning av fiskeressursene.

Innlandsfisken har trass både store mengder og ofte fin storleik vore lite beskatta. Det har heller ikkje blitt gjort nærrare undersøkelser med omsyn til leveforhalda og kvaliteten på fisken.

Etter den nye lova om laksefisk og innlandsfisk, som trådte i kraft frå årsskifte har kommunane i sterkare grad enn før også eit ansvar for å registrere, ivareta og legge til rette for bruk av innlandsfiske-ressuresene. I dette arbeidet ynskjer ein samarbeid med grunneigarar. Betre organisering av fiskekortsalg og iverksetting av evt. kultiveringstiltak kan vere aktuelle oppfølgingstiltak.

Grunneigar har rett på all fangst som følge av prøvefiske etter at dei aktuelle målingar er gjort. Kan grunneigar stille båt til disposisjon i dei aktuelle vatna vil kommunen vere takksam om ein kan nytte seg av den. Undersøkinga vil bestå av ei natts fiske i kvart aktuellt vatn med ein garnserie på tilsaman 8 garn.

## Bokn Handelslag

omsetnad på 12 mill. kr. i 1992

Når Bokn Handelslag den 02.04 legg fram årsmelding og rekneskap for 1992 for medlemene ved årsmøtet, vil det gå fram at det har vore nedgang i total omsetnad frå 1989 til 1992 på heile 30%. Årsaka er i fylgje årsmeldinga først og fremst at omsetnaden av driftsmidlar sviktar. Medan driftsmidlar i 1988 utgjorde 60%, utgjorde det i 1992 berre 39%.

Det gledelege dei kan leggja fram, er at daglegvare omsetnaden har auka med 6,1%, noko som er i samsvar med dei spådomane ein hadde for eit år sidan. Bokn Handelslag har nå omkring 3/4 av marknaden i kommunen.

Det går elles fram at Handelslaget pr. 31.12. hadde 1.7 mill. kroner i uteståande fordringar. Tap på krav i 1992 var kr. 231.000. Overskotet til disposisjon i 1992 er berre på 56.200 mot 500.600 i 1991, men dette er noko misvisande på grunn av ny rekneskapslov når det gjeld overskot til disposisjon. Med dei same bokføringstekniske prinsippa som i 1991, ville overskotet til disposisjon for 1992 vore på kr. 289.000.

Styret gjer framlegg om å garantera 5% årsbonus på kontant kjøp av daglegvarer for 1993. På kreditsal blir det gitt 2% inntil utgangen av 1993, og fell sidan bort. Handelslaget har ved sida av vekertilbud gjennomført ein fast lågprisprofil på daglegvarer.

## VEVSTOVA UTSTILLING

Ta vare på bygdakulturen!

På vevstova har me tenkt å syna resten av Bokn fram kva me driv på med.

Difor har me ei lita utstilling torsdag 22.april frå kl. 18.00 - 21.00.

Her kan du få sjå kva me har drive på med , og kva me held på med akkurat no.

Ein kaffitar og noko å bita i vil du sjølvsagt få.

Kanskje er det berre ein kveldstur opp til 3. etasje på Gamleskulen som skal til før du er blitt biten av vevbasillen. Vil du begynna å veva er det berre å koma innom ein torsdag mellom kl. 19.00 - 22.00.

Kom og bli med du og!

Helsing ein glad gjeng vevkjerringar.



Her held me til  
på torsdagskveldane

## LÅN I SR-BANK

Rentenivået er på veg ned og mange vurderer nye låneopptak evt. i samband med refinansieringer.

- Faktisk er det slik at det kan vere penger å spare på å løyse inn
  - gamle husbanklån
  - lån i statens lånekasse
  - anna gjeld

med lån i SR-BANK

- Har du god sikkerhet, og evt. noko eigenkapital kan du også få bil/båt/forbrukslån til bustadrente.

- SR-BANK Bokn krev heller vanlegvis ikkje takst ved pant i bustad - og penger spart er penger tjent.

**TENKJER DU LÅN, TENK SR-BANK  
OG KOM INNOM FOR RÅD ELLER  
TILBUD.**


## BOSSDUNKEN

Tenk, alt eg ikkje vil ha  
det kan eg berre gi til deg  
og du blir gla'  
Om det endå til ikkje luktar  
bra - du vil det ha

Det er som du seier til meg:

"Det var godt, nå får eg betre  
krefter til å stå mot ver og  
vind her hjå deg".

Takk for at du kom inn i tunet  
akkurat til meg!  
Me er liksom så enige eg og du  
og nå vil me i lag ta vare på  
vår herlege natur.



Miljøvenleg lesar frå grisgrendt strok

### TIL SALGS:

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.  
utkjørt.  
Har og sand, singel og grus.

Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy,  
tlf. 04 51 32 87  
mobil 060 70873.

### BILSETER FOR BARN

Bokn sanitetsforening har kjøpt inn bilseter for barn 0-2 mnd. og 2-9 mnd. for utleige. Utleigepris er 50 kroner for ein sesong for den minste typen, og 100 kroner for ein sesong for den største typen.

Ta kontakt med Ellen Nedrebø tlf. 04 74 85 02 viss du vil leiga sete.

### ØNSKES KJØPT

Gamalt spisebord og stolar,  
ev. buffet - ønskes kjøpt.

Tlf. 04 72 81 40

### TIL BOSNIA

Kr. 915,- kom inn i innsamlingsbøssene som Bokn Senterparti hadde ute nyleg i innsamlinga for å hjelpe mishandla kvinner i Bosnia. Takk til alle som ga.

## VÅROPPRYDDING

Torsdag 29. april kører me ekstra rute i Bokn frå kl.08.00 og samlar inn større ting som ikkje går i bossekken.

Grovavfallet må setjast saman med renovasjonssekkene då innsamlinga vil gå føre seg den dagen renovasjonsruta går.

Pass på at ingenting heng laust.

Eks. på grovavfall: kvitevarer, syklar, møblar dører m.v.

## BOKN, ETNE, TYSVÆR, VINDAFJORD OG ØLEN

### ENDRINGAR I RENOVASJONSROUTENE I PÅSKEHELGA OG HELGEDAGANE I MAI.

Rute torsdag	08.04 - skjærtorsdag	blir køyrt torsdag	15.04
" fredag	09.04 - langfredag	" "	fredag 16.04
" mandag	12.04 - 2.påskedag	" "	mandag 19.04
" mandag	17.05 - 17.mai	" "	mandag 24.05
" torsdag	20.05 - kr.h.fartsdag	" "	torsdag 27.05
" mandag	31.05 - 2.pinsedag	" "	mandag 07.06

Gjer merksam på at ein kan levera fleire "Toranes" sekker om gongen.

### GJENVINNING OG SPESIALAVFALL.

Lever ditt spesialavfall og gjenvinningsavfall på fylgjande stader:

#### Toraneset renovasjonsplass:

- Spesialavfall - t.d spillolje, batterier, maling lakk, lim, plantevernmiddel, hobbykjemikalier etc.
- Glas.
- Papir
- KFK-gass tappes frå kjøl- og fryseboksar

Glascontainarar og papircontainarar er utplassert på tettstader i kommunane

Brukte småbatteri kan leverast ved utsalgsstader for batteri.

Det er gratis levering for private.

Apeningstider på renovasjonsplassen:

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag 0800 - 1500  
Torsdag 0800 - 1900  
Lørdag og søndag  
stengt

Forespurnad om ordninga kan rettast til tlf 04 76 24 74

**TORANESET RENOVASJONSELFSKAP.**

## IDRETTSSKULEN BARNETRIM

Me treng ny medhjelpar frå skulestart i haust.  
Arbeidet er på tysdagar 2 undervisningstimar 16.00 - 16.45 og 16.45 - 17.30.

Ta kontakt med Marit Elin Våge, May Jorunn Vatnaland eller Bokn kulturkontor for nærmere informasjon.

## BANK-TUR FOR PENSJONISTAR

SR-bank minner om tur for pensjonistar den 27.april.

Påmelding innan 14. april i tlf. 04 74 84 62



## BOKN KOMMUNE

### TILSKOT TIL REDUKSJON AV BUUTGIFTER FOR ALDERS-, UFØRE- OG ETTERLATTE-PENSJONISTAR

Sosialdepartementet har stilt midlar til disposisjon som skal nyttast til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Alders-uføre- og etterlattepensjonistar som har låg inntekt kan søkja om tilskot. Tilskotet er eit supplement til pensjonsyting fra folketrygda og bustønad frå Husbanken.

Pensjon pr. 01.01.93 vert lagd til grunn, pluss ev. andre inntekter som renteinntekt, tilleggspensjon eller andre inntekter.

Søkjar må ikkje ha større inntekter enn summen av folketrygda sin minstepensjon og andre inntekter med inntil 30 prosent av minstepensjonen.

Nærare opplysningar, søknadsskjema og hjelp til utfylling kan ein få ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist er 30.april 1993.

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300  
Halv side: kr.150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr.10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

#### ARRANGEMENT

02.04: Årsmøte Bokn Handelslag  
28.04: Basar: Sjømannsforeninga

#### HUS/LEILIGHET

ønskes leigd frå slutten av mai for 2 vaksne og 3 barn. Må minst vera 2 soverom.

Tlf. 04 87 20 33 eller  
04 74 83 50  
(Unni Vågshaug)



04.04: kl.15.00 Fam.Gudsteneste v/ Bårdsen. Speidrarar. Løftefornying. Offer til Haug. krins av KFUK/KFUM

08.04: kl.19.00 Kveldsmesse v/ Bårdsen. Nattverd.

11.04: kl.15.00 NB! Påskedags Gudsteneste v/ Bårdsen. Offer Menigh.fakultetet.

#### KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE:

sundag 18. april kl. 14.00

#### FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 14. april.  
Påmelding til sosialkontoret,  
tlf. 04 74 85 00 snarast.



#### BOKN KOMMUNE

##### LEDIG STILLING

##### KORTTIDSVIKARIAT-BOKN BARNEHAGE

Bokn Barnehage har periodevis behov for assistentvikarar.

Søknad kan sendast

Bokn Barnehage  
4290 Bokn

innan 7. april 1993.

Skulesjefen

#### LANGÅPENT I SR-BANK BOKN

For å gje eit betre opningstilbud til dei av kundene våre som vanskelig når banken i vanleg opningstid, vil opningstida vår kvar torsdag f.o.m. 1.4. bli slik

1000 - 1715